


HERØY KOMMUNE
Fellessekretariatet



Kunnskapsdepartementet

Pb 8119 Dep.
0032 Oslo

Saksnr 2007/9	Arkiv 024	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar FEL / HS	Dato 21.12.2007
------------------	--------------	------------	--------------------------------	--------------------

**F-SAK 269/07. ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA.
HØYRINGSUTTALE FRÅ HERØY KOMMUNE.**

Vedlagt følgjer F-sak 269/07.

Formannskapet handsama saka i møte 04.12.07 og gjorde slikt vedtak:

1.

Herøy kommune tek til etterretning at det no vert foreslått lovfesta rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år. Kommunen er klar over dei plikter denne fastsettinga av rett til barnehageplass fører til. Kommunen vil peike på at det vil vere umuleg å fastsette nøyaktige prognoser for kor mange barnehageplassar det til ei kvar tid vil vere behov for. Det må difor bli lagt til rette for at kommunen sin økonomi kan bere ei viss overdekking i tal plassar.

2.

Herøy kommune ser i utgangspunktet positivt på at finansieringa av barnehagane blir lagt inn i kommunen sitt rammetilskot frå og med 2010. Ein føresetnad for at kommunen ser positivt på dette er likevel ei fullfinansiering av endringa slik at det er muleg å oppretthalde god kvalitet i barnehagane. Blir dei økonomiske overføringane svekka, vil det vere betre for kommunen å halde fram med øyremerka tilskot.

3.

Herøy kommune vil peike på at sidan det er kommunen som har plikt til å ha nok barnehageplassar til rådevelde, må og overføring av tilskot til private barnehagar skje via kommunen. Kommunen vil då måtte utarbeide regelverk for tilskot etter prinsippet om likeverdig økonomisk behandling av private og kommunale barnehagar. Det blir ut frå dette heime til å stille same kvalitetskrav til private og kommunale barnehagar.

Med helsing

Hilde Skjenn
Hilde Skjennes
e.f

Kopi:
Laila Kvalsund Solhaug